

Sissel Skurtveit Lillebø  
Ulvøyen 38  
5134 FLAKTVEIT

13.09.2014

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

#### ANGÅANDE KOMMUNEPLAN 2014 – 2026 AREALDEL FOR MELAND KOMMUNE , ROSSLAND

I samband med Kommuneplanen vil vi komme med innspel når det gjeld eigedomen vår på Vikebø gnr. 45 bnr.16. Innspelet er i hovedsak likt det som vi kom med i samband med forrige Reguleringsplan i 2006 (sjå vedlegg I, A og B).

Vi ønskjer å legge til rette for at nye generasjonar skal kunne halde ved like, og gjere seg nytte av den store eigedomen. Ved å regulere om delar av eigedomen til bustadområde, ser vi for oss at det kan gje midlar til å halde resten av eigedomen fint ved like.

På område merkt IV (sjå vedlegg II) står det ei løe som ikkje lenger har nokon funksjon. Vi er opptekne av at denne bygningen, som er ein integrert del av tunet, skal bli teken vare på. Ved å regulere om dette området, kan løa byggjast om til hytte som står i stil til dei andre bygningane.

Vi ønskjer også at området merka I på kartet (sjå vedlegg I, B) skal regulerast til bustadområde. Her er det stupbratt ned mot sjøen, og dermed ikkje eigna til adkomst til sjøen. Så vi ser for oss at her kan byggjast ein bustad til familien.

Med helsing

Sissel Skurtveit Lillebø